



Stord Kommune - RBO

Dato: 12.08.2014

Vår ref.: 2014/17184-6

Saksbehandlar: ansetr

Dykkar ref.:

## Fråsegn - Områderegulering gnr/bnr 23/1 m.fl. Sævarhagen, Haga, Nedre Økland – ang kostnadsoverslag for arkeologisk registrering

Hordaland fylkeskommune viser til dykker brev datert 04.07.2014 og telefonsamtale 12.08.2014.

Med omsyn til dykker spørsmål til undersøkingsplikta i samband med område for områderegulering gnr/bnr 23/1 m.fl. Sævarhagen, Haga, Nedre Økland viser me til at det er sjølvé reguléringsprosessen som utløyser krav om ei kulturminnevurdering. Arealbruken i ein plan er underordna i samband med det å greia ut eventuelle kulturminneverdiar. Desse skal om så ha ein eigen arealbruk, eller måtte dispenseast. Det er difor slik at arealformålet jordvern ikkje medfører eit fråfall av krav om registrering etter kulturminnelova § 9. Målsettinga i områda der arealformålet er jordvern er likevel å halde registreringa på eit minimum. Kostnadsoverslaget som er sendt ut er ei øvre kostnadsramme for undersøkinga.

Om Stord kommune ikkje finn at framlagt plan er eigna til føremålet vil eit alternativ til bruk av områderegulering vera for dei aktuelle jordbruksområda å definera arealbruken gjennom ein kommunedelplan.

Den planlagde turstien slik den er markert på plankartet er i konflikt med automatisk freda kulturminne. Stien og buffersonen som er lagt rundt den går innanfor vernesona til tre tidligare registrerte automatisk freda kulturminna (ID 35512, ID 15869 og ID 60600). I tillegg er tilstanden til tre av kulturminna rett ved stien (ID 15869, ID 25604 og ID 45541) mykje øydelagt. Hordaland fylkeskommune ber om ei synfaring med kommunen langs traseen for å sjå om konfliktpunkta kan løysast i høve til kulturminne og tursti.

Planen er no lagt ut på offentlig ettersyn. Dette legg føringer på prosessane. Planen er i konflikt med nasjonale verneinteresser og undersøkingsplikta er ikkje oppfylt. Hordaland fylkeskommune har gjerne eit møte med dykk, for å gå igjennom saka. Ta kontakt med sakshandsamar Anja Nordvik Sætre for nærmere avtale om møte eller dersom dykk har spørsmål.

Per Morten Ekerhovd  
fylkeskonservator

Anja Nordvik Sætre  
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.